



BrukerPlan

Dato: 3. oktober 2017

Stad: Statens Hus, Kaigaten 9 i Bergen

Tidspunkt: 10:00 – 15:00

Fylkesmannen i Hordaland, KoRus vest Bergen og Stavanger Universitetssjukehus inviterer til opplæring og utprøving av kartleggingsverktøyet BrukerPlan.

Samlinga er for opplæring av tilsette i kommunar som ikkje har kartlagt i BrukerPlan tidlegare.

Målgruppe

Tilsette i kommunar som arbeider i eller med psykisk helse, rus eller barnevern: NAV kontor, helseteneste, fastlegar, pleie og omsorgsteneste, rusteam, psykisk helseteneste, helsestasjon for rusmiddelavhengige, barnevernteneste med fleire.

Samlinga 3. oktober for dei som skal kartlegge eller lære opp andre som skal kartlegge.

Kvifor kartlegge?

Kunnskapen frå kartlegging med BrukerPlan gir kommunen grunnlag for systematisk arbeid med personar med ulike problem, for utvikling av eigna tiltak og godt planarbeid.

Kva er BrukerPlan?

BrukerPlan er eit verktøy for å kartlegge omfang og karakter av problem hos personar som får tenester frå helse- og omsorgstenestene og/eller sosiale tenester og har problematikk innan psykisk helse og/ eller rus i kommunen. BrukerPlan er utvikla av Helse Fonna, IRIS og KORFOR og er godkjent av Datatilsynet for kvalitetssikring, utvikling og planlegging av tenester.

Opptappingsplanen for rusfeltet 2016-2020

Opptappingsplanen for rusfeltet skal bidra til betre tenester, meir samordning og samarbeid og tidleg innsats i dei kommunale tenestene, spesielt innan psykisk helse og rus i kommunane. Nasjonale styresmakter har eit mål om at 90 % av kommunane har kartlagt rusmiddelsituasjonen i kommunen ved BrukerPlan eller anna kartlegging i 2017. Tal frå BrukerPlan er eit godt verktøy for å følge med på utviklinga i kommunen frå til år.

Forankring i kommuneleiinga

Arbeidet med BrukerPlan må vere forankra i kommuneleiinga, og relevante tenesteytera i kommunen må delta i prosessen med kartlegginga.

Liten kommune

Om kommunen har få innbyggjarar er vi likevel interesserte i å ha kommunen med på kartlegging i BrukerPlan. Det er òg mogeleg å kartlegge i eit geografisk område som inkluderer fleire kommunar. Dette vil gi eit oversiktsbilete og kan vere eit godt grunnlag for interkommunalt samarbeid om tenesteutvikling.

Påmelding innan 19. september 2017

[Påmelding HER](#)

For utfyllande informasjon kontakt psykologspesialist Erik Iversen i KoRus vest Bergen på telefon 55 90 86 34.

Helga Arianson
fylkeslege
Fylkesmannen i Hordaland

Vibeke Johannessen
avdelingsdirektør
KoRus vest Bergen